

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	25.08.2023
Vår referanse	2022/98242-8
Dykkar referanse	23/8566
Sakshandsamar	John Anton Gladso
E-post	John.Anton.Gladso@vlfk.no
Telefon	48225890

Fråsegn til melding om fråføring av delar av nedbørfeltet til Grytaelva - Sunnfjord kommune

Vi viser til oversendinga datert 05.06.2023 med saksnummer 202308566.

Om meldinga

I samband med etablering av gråbergdeponi har Nordic Rutile AS fått krav frå Miljødirektoratet om at vatn som renn gjennom området skal leiast vekk frå Grytaelva, gjennom eit sedimentasjonsbasseng, og til fjorden. Dette inneber at i første utbyggingsfase vil 11 % av nedbørfeltet til Grytaelva blir fråført. I ein eventuell andre fase av utbygginga vil det gjelde 18 % av nedbørfeltet. I tørre periodar vurderer Nordic Rutile AS at kvaliteten på vatnet i sedimentasjonsbassenget er så god at vatn her i frå kan først attende til Grytaelva for å hindre at denne går tørr.

Vurdering

Vassmiljø

Fylkeskommunen har ansvar for tiltak i vassdrag eller delar av vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk eller kreps etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Dersom det ikkje vert krav om konsesjonshandsaming må saka handsamast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag av Vestland fylkeskommune med uttale frå Statsforvaltaren om anadrom strekning nedanfor tiltaket.

I følgje konsesjonspliktvurderinga er anadrom strekning i Grytaelva om lag 300 meter. Grytaelva er ei bratt elv prega av flaumsikringstiltak. Elvekantane er plastra med grov stein med tersklar jamt fordelt opp til eit fossefall 185 meter frå sjøen.

Vassprøver frå 2008 viser pH mellom 5,2 og 7, noko forhøga aluminium og nikkel, og høgt fargetal ([Forfang og Bækken 2008](#)).

Grytaelva vart prøvefiska i 2008 ([Bremset mfl. 2009](#)). Det vart fanga 12 ål frå 89 til 400 mm. Fangsten av ål tilseier eit breitt alders- og utviklingsspekter. Det vart fanga 120 aurar frå 31-218 mm. Det vart fanga seks årsklassar frå årsyngel til femåringar, men svært få var eldre enn tre år. Det vart konkludert med at elva har ein bestand av sjøaure i tillegg til ein elvelevande bestand av aure.

Det vil difor vere viktig å ta vare på fiskebestandane i vassdraget. Grytaelva er eit relativt lite vassdrag, slik at 10 prosent fråføring kan påverke fiskebestandane. Ved høg vassføring vil fråføringa ikkje vere noko problem, men fråføringa kan få innverknad på fisk og ferskvassorganismar før elva når lågvassføring. Dette vil vere avhengig av topografien på vassdraget, og spesielt breidda på elva.

Det er ikkje planlagt minstevassføring i bekken i Engjabødalen, som ligg ovanfor anadrom strekning. Dette vil føre til at ferskvassorganismar og eventuell fisk vil verte vesentleg påverka ned til samløpet

med Grytaelva. Dersom elva oppstraums inntaket ikkje er vesentleg påverka av tiltaket bør det også vere ei minstevassføring i denne delen av vassdraget for å sikre ferskvassorganismar like nedstraums inntaket.

Ved å nytte den permanente vasspegelen i sedimenteringsbassenget, vil ein i periodar med låg vassføring kunne føre vatn til Grytaelva for å erstatte det bortleda vatnet og oppretthalde lågvassføringa. Ved lågvassføring er det svært viktig at kvaliteten på det tilbakeførte vatnet er god.

Avrenning frå aktiviteten kan påverke både fisk og andre ferskvassorganismar. Avrenning av finstoff kan tette igjen holrom i elvegrusen som gir langt mindre skjul til fisk og andre ferskvassorganismar. I tillegg er det viktig å hindre ureining som kan føre til at fisk og ferskvassorganismar dør. NIVA v/Forfang og Bækken peiker på at Grytaelva vil kunne bli påverka av sigevatn, sprengstoffrestar og partikulært materiale, samt små mengder oljerestar frå det planlagde gråbergsdeponiet dersom ikkje tiltak blir sett i verk for å avskjere avrenninga frå deponiet. Utan tiltak vil dette ha konsekvensar for drikkevasskvaliteten og vasskvaliteten generelt. Sigevatn frå gråbergsdeponiet kan også føre til at det blir meir metall (nikkel) i nedre del av elva. Det er derfor viktig at sigevatnet blir teke hand om før det når Grytaelva.

Grytaelva har god økologisk status. Det må vurderast om tilstanden i Grytaelva blir endra av tiltaket, og vi minner om at det må vurderast om tiltaket kan gjennomførast etter § 12 i vassforskrifta dersom tilstanden blir redusert. Det er bra at det er lagt opp til overvaking etter vassforskrifta for å evaluere påverknad på Grytaelva.

Friluftsliv

Nedre del av Grytaelva ligg i eit registrert friluftsområde (C-verdi) og det kan her vere brukarinteresser knytt til fiske. Det er vanskeleg å vurdere korleis lågare vassføring vil påverke fiskebestanden. Om vatnet kan førast attende til Grytaelva i tørre periodar vil konsekvensane for fisk og fiskeinteressar truleg reduserast. Samla sett vil konsekvensane for friluftsliv truleg vere små/uvesentlege.

Kulturminne

Fylkeskommunen har ingen vesentlege merknader til høyringa når det gjeld tilhøvet til automatisk freda kulturminne.

Haustbare viltartar

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil ha nemneverdig innverknad for leveområde og produktivitet til haustbare viltartar.

Med helsing

Sveinung Klyve

seniorrådgjevar

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

John Anton Gladsø

seniorrådgjevar

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE